Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Möre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Öksendal.

Emne: Brynet.

Bygdelag: Öksendal.

Oppskr. av: Vidar Rogdo.

Gard: Husby.

(adresse): oppskogassistent Brörs, Tingvoll pr. Molde.

G.nr. 14 Br.nr. 21.

~~A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.~~

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Før i tida brûka folk: dalen her berre Selbû-stein som dei fekk frå Selbû i Sör-Tröndelag. Dei måtte ein slipa runde etter kvart som ein sleit dei, elles ville dei skjemma ljåen i staden for å kvata han. Desse Selbû-steinane var tunge å halda til å bryja med, så ein kvidde seg nærmast til å ta i bruk eit nytt bryne. Ein brûka „brynstokk" eller „bryndall", som var laga av tre, til å bera brynet i. No for tida brûkar ein berre kjöpte smergelbryne som ein anten ber i ein bekkholk eller har i lomma.
1/ Ein seier „å bryna" og eit bryne. Finare bryne som ein kvesste knivane, t.d. barberknivane sine med, kalla ein hein.
2.) No brûkar ein bryne mest berre av kunststein - karborundum - eller smergelbryne. Her har ikkje funnest og finst ikkje naturleg brynestein i bygda. Dei gamle Öksendölene kjöpte alltid bryna sine på Trondheims-marknaden og det var Selbû-bryne.
3) Alle reiskapar vert slipte fyrst, både grovare kvesse - så som ljå, öksar sigdar o.s.v. - og finare kvesse - så

4626

som hövel tenner, barberknivar, tre-
skjærarknivar osv. Men ein har som of-
tast to eller tre slag slipesteinar som
varierar i finleik etter reiskapane ein
skal slipa. Finaste smergelsteinane må ein
ha til barberknivane. Etter at ein har
slipt kvessa, held ein dei kvasse med byg-
ning framover.

4.) No lever her ikkje nokon som hugsar
at ein tynnte ut eggja på ljå'en med
hammar, men det går på folkemunne
at ein har drive det slik her og. Ein veit
ikkje sikkert når skikken med å slipa
ljårne kom til bygda, men det må vel
vera eit par hundre år sidan.

5.) Ja, folk hadde ein stein dei kvesste
reiskapane sine på og han vart
kalla sennestein. No vert det ikkje
brukt lenger. Til å kvessa hövel tennene
brukar ein store bryne som ligg i treöskju.
Dei som hadde lang veg til og frå
slåtteteigane sine brukte å ta med
seg ein liten handtleg slipestein. Kor
gamal denne skikken er, veit ein ikkje.

6.) Det vanlege her er å bruka ljåen
så ökt før ein slipte han att. Nei,
ein freista ikkje å greia seg utan slipe-
stein.

7.) Det mest vanlege har vore at ein
bruka eit slag bryna til ljårna, det
hende at ein bryka sandstikker som
var laga av tre og påklinte tjöre
og sand. Eg har ikkje sett slike sjölv,
så eg kan ikkje seia kor dei såg ut.

4626

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Andreblad.

Ein kalla desse bryna av tre berre for sandstikker.

8/ Folk her let ljåen sitja på orvet når dei sliper han. Ein brukar stengde festegreier, og då er det for tungvint å ta av ljåen kvar gong ein skal slipa han. Når ein sliper ljå held ein egga mot seg, men når ein sliper knivar held ein egga frå seg.

9) Når ein bryner held ein orvet under venstre armen med ljåen rett fram (frå seg). Her brukar ein ikkje stuttorv (krokorv).

10. Før hadde ein bryndall eller brynstokk til å ha ~~bry~~ brynet i, no brukar ein blekk-holkar.

11/ Har ikkje høyrt noko om at ein har hatt brynet i eit okse- eller ku-horn.

12) Bryndallen eller blekk-holken henger ein i belterima bak på bakenden, og dersom ein ikkje har belte, henger ein dei i buksalinninga.

13/ Ja, ein fuktar bryna, ein har vatn i dallen eller holken, og dersom ein berre ber brynet i lumma, spyttar ein på det. Ein brukar ikkje olje. På sandstikkene bruka ein sand.

14/ Det mjølet som kjem fram når ein brynar, kallar ein for „bryngorr“.

15/ Har ikkje høyrt noko om at ein brukar bryngorr mot ringorm.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4626

16/ Har heller ikkje höyrt noko om at ein bruka brynet mot sjukdomar.

17/ Det heitte seg visst at bryne-steinen vart betre av å liggja i maurtuva.

18. Her finst ikkje forteljingar som fortel om at brynet talar.

19. Har heller ikkje höyrt om at ein sa noko når ein spytta på brynet.

20. Kjenner ikkje til viser eller ramser som ein seier fram under kvessinga.

4626
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING